

Tilstandsrapport for
grunnskule og
oppvekst
i Stord kommune
2018/2019

Innhald

1.	Innleiing	3
2.	Grunnskulane i Stord kommune	5
3.	Samandrag	6
3.1.	Prosesskvalitet: Læringsmiljø	6
3.2.	Resultatkvalitet: Resultat	6
4.	Hovedområde og indikatorar	7
4.1.	Elevar og undervisningspersonale	7
4.2.	Tal på elevar og lærarårsverk	7
4.3.	Lærartettleik	8
4.4.	Læringsmiljø	10
4.5.	Elevundersøkelsen	10
4.6.	Mobbing på skulen (prosent)	13
4.6.1	Tal på elevar som har blitt mobba av andre elevar 2-3	14
4.7.	Resultat	16
4.8.	Nasjonale prøver 5. trinn	16
4.9.	Nasjonale prøver ungdomstrinn	21
4.10.	Grunnskulepoeng	27
4.11.	Gjennomføring	29
4.12.	Overgangen frå grunnskole til VGO	29
5.	System for oppfølging	30
6.	Konklusjon grunnskule	32
7.	Stord vaksenopplæring	33
8.	Stord kulturskule	34
9.	Barnehagane i Stord	35
10.	Helsestasjon, pedagogisk-psykologisk teneste, ungdomsteam	40
11.	Sunnhordland interkommunale barnevernsteneste Bømlo, Fitjar og Stord	43
12.	Konklusjon oppvekst	45

1. Innleiing

Om kravet til tilstandsrapport for grunnskulen

Den årlege tilstandsrapporten inngår som ein del av det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hjå skuleeigaren og har kvalitetsutvikling som siktemål.

Det er fastsett i opplæringslova og privatskulelova at skuleeigarane pliktar å utarbeida ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I St.meld. nr. 31 (2007-2008) framgår det at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit medvite og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgja opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs. av kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskulane, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Det er fastsett i privatskulelova § 5-2 andre ledd bokstav k at styret skal drøfta den årlege rapporten om tilstanden i desse skulane. Kravet til internkontroll omfattar alle plikter som skuleeigaren har etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor meir omfattande enn det tilstandsrapporten sitt minimum skal dekkja.

Kvalitet i skulen kan delast i struktur-, prosess- og resultat-kvalitet. Strukturkvalitet skildrar ytre føresetnader, altså slik skulane er organiserte og ressursane som er tilgjengelege, noko me finn tal på i GSI og KOSTRA. Prosesskvalitet handlar om skulen sitt eige arbeid med opplæringa, målt mellom anna i Utdanningsdirektoratet si årlege elevundersøking om læringsmiljø og trivsel. Resultatkvalitet skildrar det heilskaplege læringsutbyttet for kvar enkelt elev, og me finn resultat i nasjonale prøver og oversikt over karakterar i standpunkt og eksamen.

Politisk fastsette nasjonale mål for kvalitetsutvikling i grunnskulen er mellom anna at alle elevane som går ut av grunnskulen skal meistra grunnleggande dugleikar som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og arbeidsliv, og at alle elevar skal inkludertast og oppleva meistring. Kommunen skal utforma mål for god nok kvalitet på kvar einskild skule. I rapporten skal ein og formulera, konkretisera og prioritera tiltak basert på resultat, forskning og kunnskap. Tilstandsrapporten skal vera forankra hjå politikarar, utdanningsadministrasjon og skuleleiing i kommune og fylkeskommune.

Resultata til elevane skal sjåast i lys av lokale føresetnader og setjast inn i ein kontekst som gir gode og utfyllande vurderingar av resultatata ved skulane. Målet er å leggja fram data og informasjon på ein forståeleg måte slik at alle som er med i prosessen med skuleutvikling gjennom tilstandsrapporten skal få oversikt og innsikt i sentrale område i arbeidet med læringsmiljø og læringsresultat.

Om tilstandsrapport for området oppvekst og utdanning i Stord kommune

Stord kommune har valt å ha med ei omtale av alle områda innanfor oppvekst- og utdanningssektoren i tilstandsrapporten for å gi eit heilskapleg bilete av læringsmiljøet til barn og unge, jamfør kommunen sin *Strategi for inkluderande barnehage, skule og SFO* som vart utarbeidd og vedtatt i 2018. Inkludering handlar i stor grad om verdiar, haldningar, handlingar, relasjonar og kultur. Det å oppleva seg inkludert er viktig for barn og unge sin

trivsel, læring og livsmeistring. I vår kommune er det å arbeida med inkludering i barnehage, skule og SFO og noko som startar når barnet byrjar i barnehagen. Strategien gjeld for barnehagane, grunnskulane, skulefritidsordninga, kulturskulen, vaksenopplæringa og hjelpetenestene for barn og unge i Stord kommune og rettar seg mot dei tilsette. Inkludering i barnehage, skule og SFO skal vera eit inkluderande fellesskap der vaksne, barn og unge set pris på mangfald og bidreg til samskaping. Der det pedagogiske arbeidet ivaretek det einskilde barnet/ den unge sitt utviklingspotensiale, og dei tilsette nyttar varierte metodar.

Området oppvekst og utdanning femnar barnehage, grunnskule, vaksenopplæring, kulturskule, barnevern og førebyggjande tenester. Alle tilsette i einingane skal saman arbeida for at barn og unge kjenner tilhøyrslø og opplever seg inkluderte, samtidig som kvar enkelt skal læra nytt og utvikla seg gjennom tilpassa opplæring.

Tidleg innsats er vesentleg på alle nivå i opplæringa for å betra elevane sine dugleikar og faglege utvikling. Tilpassa opplæring skal gi dei som har trong for ekstra tiltak og tilrettelegging hjelp så tidleg som mogleg. Kommunen sin plan for ein best mogleg overgang frå barnehage til skule er under revidering. Kvalitetssystemet i barnehage gir den enkelte barnehage, eigar og lokale og sentrale myndigheiter grunnlag for å vurdere og vidareutvikla kvaliteten i barnehagane.

I tillegg til førebygging og arbeid med inkluderande miljø skal kommunen ha eit godt system for barn og unge som fell utanfor enten fordi dei strevar med å læra, med eigen identitet, psykisk helse, rusmiddel, opplever seg plaga, einsame, eller har ein vanskeleg heimesituasjon. Betre tverrfagleg innsats (BTI) er eit slikt system. Det er laga ei nettside og ein digital handlingsretteleiar som gjer det enklare for barn, føresette og tilsette å bruka systemet.

Birthe Blokhus, einingsleiar for førebyggjande tenester, fekk i 2018 prisen for innovasjon og nytenking i Stord kommune for sitt arbeid med Betre tverrfagleg innsats (BTI). Ho har vore pådrivar for utvikling av ei nettside med ein digital handlingsretteleiar for samhandling med familiar som har barn ein er uroleg for. Blokhus har og presentert for tilsette både internt i kommunen og eksternt. BTI-modellen er tufta på tidleg innsats og samhandling med føresette, born og unge. Tverrfagleg samhandling og innsats er naudsynt for at barn og unge skal få rett hjelp til rett tid på rett stad. Alle tilsette ved skulane og i barnehagane skal nytta BTI som modell for samhandling.

2. Grunnskulane i Stord kommune

Stord kommune har 10 grunnskular. I 2018 var det 1765 elevar på barnetrinnet og 726 elevar på ungdomstrinnet; til saman 2491 elevar i kommunen. Om lag halvparten av elevane på barnetrinnet går på dei to barneskulane i sentrum, medan andre halvparten er elevar ved dei fem andre barneskulane i kommunen. Det er tre ungdomsskular i Stord. Kommunen har vaksenopplæring med tilbod om norskopplæring for framandspråklege og opplæring for vaksne med særlege behov.

Det er 273 lærarar i kommunen og 166 av desse er kontaktlærarar. Av dei 273 lærarane er 68 menn og 205 kvinner.

Talet på barn i skulefritidsordninga i Stord var per 1. oktober 405 barn, fordelt på 7 barneskular. Skulefritidsordninga vert drive etter sjølvkostprinsipp.

I 2017 etablerte Utdanningsdirektoratet ein ny modell for kompetanseutvikling i skulen, ordninga vart gjort gjeldande frå 1.1.18. Ordninga er desentralisert og skal bidra til at alle kommunar og fylkeskommunar gjennomfører eigne kompetanseutviklingstiltak. Fylkesmannen, kommunane, fylkeskommunane, lokal UH (universitet eller høgskule) og andre relevante aktørar skal samarbeide for å kartlegga behov for kompetanseutvikling og planlegga utviklingsarbeidet. Staten gir økonomisk støtte via fylkesmannen til dei kommunane, fylkeskommunane og dei innanfor universitet og/ eller høgskular som er med. Ordninga har fått forkortinga DeKomp.

Fylkesmannen i Hordaland har mellom anna vore tydeleg på korleis kommunane som vil vera med i ordninga skal søkja, at dei universitet eller høgskule ein kan samarbeida med må liggja i Hordaland og at ein må søkja gjennom regionane. Forum for oppvekst i Sunnhordaland (FOS) er ein region som Fylkesmannen har sagt skal søkja samla. Fylkesmannen har og sett ned ei arbeidsgruppe der FOS som kompetanseregion stiller med ein representant for alle kommunane. I møta i arbeidsgruppa er tillitsvalde på fylkesnivå representerte.

Tre av skulane i Stord er med i den desentraliserte kompetanseutviklinga per i dag. Det er Leirvik skule, Langeland skule og Stord ungdomsskule. Dei andre skulane vert med i ordninga etter tur.

3. Samandrag

3.1. Prosesskvalitet: Læringsmiljø

Stord kommune har nulltoleranse i høve mobbing og jobbar førebyggjande med inkluderande læringsmiljø. Elevundersøkinga viser at det finst mobbing i Stord kommune. 6,8 prosent av 7. klassingane og 6,2 prosent av 10. klassingane svarer at dei opplever mobbing på skulen. Alle tilsette jobbar for eit trygt og godt skulemiljø for elevane, og skuleadministrasjon og skuleleiing er i ein prosess med å etablera best mogleg felles praksis i kommunen i samband med § 9a om retten til eit trygt og godt skulemiljø og krav om aktivitetsplan dersom ein elev opplever seg krenka eller mobba.

3.2. Resultatkvalitet: Resultat

Nasjonale prøver måler eleven sine læringsresultat i lesing, rekning og engelsk. Resultata syner at trass sær gode resultat ved nokre skular og variasjon både mellom skulane og frå år til år, er resultat i rekning samla sett lågare enn det Stord kommune sette som mål for 2018. I rekning ligg resultata under fylkes- og landsnivå, så her fordrar det ein ekstra innsats i høve den grunnleggjande dugleiken rekning i alle fag.

Resultata i lesing og spesielt engelsk på 5. og 8. trinn er tilfredsstillande samanlikna med dei kommunane me samanliknar oss med og landet elles. Likevel er det framleis trong for fokus på leseopplæring i kommunen og felles tilnærming/ deling av erfaring mellom skulane. Tidleg innsats og tilpassa opplæring skal gi elevane den opplæringa dei treng til rett tid.

4. Hovedområde og indikatorar¹

4.1. Elevar og undervisningspersonale

Stord kommune har 10 grunnskular med til saman 2491 elevar. I 2018 var det 1765 elevar på barnetrinnet og 726 elevar på ungdomstrinnet.

Det er 273 lærarar i kommunen og 166 av desse er kontaktlærarar. Av dei 273 lærarane er 68 menn og 205 kvinner.

Stord kommune har stor del undervisningspersonale med godkjend utdanning, jamfør tabellen under kapittel 4.2.

4.2. Tal på elevar og lærarårsverk

Tal på elevar

Indikatoren opplyser om talet på elevar som er registrerte ved grunnskular per 1. oktober det aktuelle skuleåret. Indikatoren omfattar barn og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskuleopplæring, og som får denne opplæringa ved ein grunnskule. Tala omfattar ikkje vaksne elevar som får grunnskuleopplæring.

Årsverk for undervisningspersonale

Indikatoren viser sum årsverk for undervisningspersonalet. Summen inkluderer berekna årsverk til undervisning og berekna årsverk til anna enn undervisning. Årsverkane er berekna ved å dividera årstimar på årsramma. Det er nytta 741 timar på barnetrinnet og 656 timar på ungdomstrinnet. I denne indikatoren inngår følgjande delskår: Årsverk til undervisning.

Andel årstimar gitt av personale med godkjend utdanning

Indikatoren viser kor stor del av årstimar som er gjennomført av undervisningspersonale med godkjend utdanning i dei fag og trinn dei underviser i.

Stord kommune skoleeier | Fordelt på periode | Offentlig eierform

Indikator og nøkkeltall	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19
Talet på elevar	2 500	2 520	2 485	2 521	2 491
Årsverk for undervisningspersonale	233,6	228,7	229,7	232,3	231,6
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	99,7	99,4	98,5	97,8	98,5

Stord kommune skoleeier, Grunnskole, Antall elever og lærerårsverk, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

¹ Merk: Illustrasjonar som er henta direkte frå «Skoleporten»/ Utdanningsdirektoratet er på bokmål.

4.3. Lærartettleik

Lærartettleik 1.-7. trinn og 8.-10. trinn

Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 1.- 7. trinn ned på skulenivå. Lærartettleik vert rekna med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som vert tildelt på grunnlag av individuelle elevrettar.

Lærartettleik i ordinær undervisning


Lærartettleik i ordinær undervisning er ein indikasjon på tal på elevar per lærar i ordinær undervisning, der ressursar til spesialundervisning og undervisning i særskilt språkopplæring ikkje vert rekna med. I andre samanhengar vert dette målet kalla gruppestorleik 2. Mål på lærartettleik er hefta med usikkerheit. Dette kjem av at nokre kommunar fører lærarressursar på kommunen sentralt medan andre kommunar fører det på skulen i GSI. Dette kan til dømes vera timar spesialundervisning eller særskilt norskopplæring.

Stord kommune:

Grunnskulane er i gong med ei gradvis innføring av ei lærarnorm for å heva lærartettleiken generelt i landet. Skulane generelt hadde våren 2018 ein pedagog per 28 elevar på 1. - 7. trinn og ein pedagog per 30 elevar på 8. - 10. trinn. Stortinget har vedteke auka lærartettleik og tidleg innsats på 1. - 10. trinn frå hausten 2018. I haustsemesteret hadde våre grunnskular eit budsjett tilsvarande ein pedagog per 16 elevar på 1.-4. trinn og ein pedagog per 21 elevar på 5.-10. trinn for å gi elevane både tilpassa og intensiv opplæring ved trong for tidleg innsats.

Figurane under viser lærartettleik på høvesvis barne- og ungdomstrinnet der alle lærarressursar er rekna med, samt lærartettleik i ordinær undervisning på alle trinn, der tal på elevar per lærar i klasserommet vert presenterte.

Stord kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Fordelt på periode | Offentlig eierform



Stord kommune skoleeier, Grunnskole, Lærertetthet, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten

4.4. Læringsmiljø

Stord kommune er med i ei statleg satsing som heiter «Inkluderande barnehage og skule» i regi av Utdanningsdirektoratet. Satsinga inneber at tilsette i barnehage og skule jobbar godt saman om barn og unge sitt læringsmiljø. Ein inkluderande barnehage og skule hindrar utanforskap og bidreg til læring, utvikling og livsmeistring.

4.5. Elevundersøkelsen

Alle elevar og lærlingar skal inkluderast og oppleva meistring. Skueleigar og -leiarar er pålagde å gjennomføra Elevundersøkelsen for elevar på 7. og 10. trinn, samt Vg1. Eit utval av spørsmåla i Elevundersøkelsen er sett saman til indeksar som ligg i Skoleporten. Resultata frå Elevundersøkelsen vert vist i ein eigen rapportportal. I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:

- **Støtte frå lærar:** Indeksen viser elevane si oppleving av emosjonell og fagleg støtte frå lærar.
- **Vurdering for læring:** Indeksen kartlegg elevane si oppleving av dei fire prinsippa i vurdering for læring.
- **Læringskultur:** Indeksen viser om elevane opplever at skulearbeidet er viktig for klassen og om det er rom for å gjera feil i læringsarbeidet.
- **Meistring:** Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skulen.
- **Elevdemokrati og medverknad:** Indeksen viser elevane si oppleving av mogleik for å medverka i arbeidet med faga, og om dei får vera med å bestemma klassereglar og delta i elevrådsarbeid.
- **Andel elevar som vert mobba (prosent):** Sjå eigne diagram.

Skala: 1-5. Høg verdi tyder positivt resultat.

Unntaket er andel mobba elevar som er målt i prosent.

Stord kommune sine mål og eigenvurdering:

Stord kommune sine mål i samband med kartlegging av læringsmiljø var for 2018 følgjande:

Trivsel på skulen: 4,4

Viktig å jobbe med skulearbeid: 4,1

Lærarane hjelper meg slik at eg forstår det eg skal læra: 4,0

I diagram for 7. og 10. trinn under kan me lesa at elevane generelt har god støtte frå lærarane sine. Målet om å få hjelp til å forstå kva ein skal læra er nådd.

Dersom me ser på punktet som heiter læringskultur i diagram for 7. og 10. trinn, kan me tolka at det bør vera meir fokus på haldningar i samband med at det er viktig å jobba med skulearbeid. Målet var 4,1 både på barne- og ungdomstrinn, men gjennomsnittsskår viser at begge hovudtrinn ligg under gjennomsnittsverdien som var målet i kommunen.


Stord kommune sine mål i høve vurdering for læring i 2018 var litt høgare for barnetrinnet enn for ungdomstrinnet:

Vurdering for læring 7. trinn: >4,0

Vurdering for læring 10. trinn: >3,3

Diagrammet under viser at 10. trinn har nådd målet med verdi over 3,3 som gjennomsnittsskår. Det viser ei god utvikling og at ungdomsskulane er på veg i rett retning i arbeid med vurderingskultur.


Stord kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform



Stord kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2018-2019, Trinn 7, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten

Stord kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform



Stord kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2018-2019, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten

4.6. Mobbing på skulen (prosent)


Mobbing på skulen viser tal på elevar som opplever å bli mobba på skulen 2 eller 3 gonger i månaden eller oftare. Andelen elevar som opplever mobbing er summen av andelen elevar som har kryssa av på svaralternativa «2 eller 3 ganger i måneden», «Omtrent 1 gang i uken» og «Flere ganger i uken». Andelen elevar som har blitt mobba på skulen seier med andre ord ingenting om kor ofte elevane opplever å bli mobba.

Stord kommune sine mål og eigenvurdering:

Stord kommune ynskjer sjølvsagt best mogleg læringsmiljø og høg trivsel blant elevane. Når det gjeld mobbing, har kommunen nulltoleranse. Målet er at ingen elevar skal oppleva seg krenka eller mobba.

Når krenking og mobbing likevel føregår, er målet til skulane å jobba mest mogleg systematisk og førebyggjande med eit inkluderande læringsmiljø, samt arbeida med å utvikla gode aktivitetsplanar i samsvar med § 9a og eleven sin rett til eit trygt og godt skulemiljø i oppfølging av registrert mobbing.


Stord kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform



Stord kommune skoleeier, Grunnskole, Mobbing på skolen (prosent), Offentlig, 2018–2019, Trinn 7, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten

Stord kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform




Stord kommune skoleeier, Grunnskole, Mobbing på skolen (prosent), Offentlig, 2018-2019, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten

4.6.1 Tal på elevar som har blitt mobba av andre elevar 2-3 gonger i månaden eller oftare (prosent)

Tal på elevar på skulen som har blitt mobba av andre elevar viser andelen elevar som opplever å bli mobba 2 eller 3 gonger i månaden eller oftare av andre elevar. Andelen elevar som opplever mobbing på skulen av andre elevar er summen av andelen elevar som har kryssa av på svaralternativa «2 eller 3 gonger i måneden», «Omtrent 1 gang i uken» og «Flere ganger i uken». Andelen elevar som har blitt mobba av andre elevar 2-3 gonger i månaden eller oftare seier med andre ord ingenting om kor ofte elevane opplever å bli mobba.


Stord kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform



Stord kommune skoleeier, Grunnskole, Andel elever som har blitt mobbet av andre elever 2-3 ganger i måneden eller oftere (prosent), Offentlig, 2018-2019, Trinn 7, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten

Stord kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform



Stord kommune skoleeier, Grunnskole, Andel elever som har blitt mobbet av andre elever 2-3 ganger i måneden eller oftere (prosent), Offentlig, 2018-2019, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten

4.7. Resultat

Alle elevar som går ut av grunnskulen skal meistra grunnleggjande dugleikar. Dette er dugleikar som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet.

4.8. Nasjonale prøver 5. trinn

Om lesing

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad elevane sine dugleikar er i samsvar med mål for den grunnleggjande dugleiken lesing slik den er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt. Elevane skal visa at dei kan:

1. finna informasjon
2. forstå og tolka
3. reflektera over og vurdere teksten si form og innhald

Om rekning

Nasjonale prøver i rekning skal kartleggja i kva grad elevane sine dugleikar er i samsvar med mål for den grunnleggjande dugleiken rekning, slik den er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ein prøve i matematikk som fag.

Dei nasjonale prøvene i rekning dekker tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane nyttar rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at elevane forstår korleis dei:

- kan løysa ei gitt utfordring
- kan løysa problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara er rimelege
- kan ha effektive strategiar for enkel talrekning

Om engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande dugleikane som er integrert i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene (på 5. trinn) er knytta til desse dugleikane:

- finna informasjon
- forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar
- forstå vanlege ord og uttrykk knytta til daglegliv og fritid

- forstå tydinga av ord og uttrykk ut frå samanhengen dei er brukte i
- nytta vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønstre

Diagrammet viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheiten knytta til dette gjennomsnittet. Søylene viser intervallet på skalaen der hovedvekten (60 prosent) av elevane er. Dette er eit mål på spreinga i elevane sine resultat. På 5. trinn vert elevane plasserte på 3 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivå.


Stord kommune sine mål og eigenvurdering:

Stord kommune sine mål for elevane på 5. trinn er at dei skal vera over gjennomsnittsskår 50 skalapoeng:

- 5. trinn lesing: >50
- 5. trinn rekning: >50
- 5. trinn engelsk: >50


I diagramma under kan ein lesa at Stord kommune sine resultat er i samsvar med resten av landet og kommunane i kostragruppe 08 som det er naturleg å samanlikna seg med.

Stord kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform



Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten


Stord kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform - Lesing



Stord kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Lesing, Offentlig, 2018-2019, Trinn 5, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten


Stord kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform - Regning



Stord kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Regning, Offentlig, 2018-2019, Trinn 5, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten

Stord kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform - Engelsk



Stord kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Engelsk, Offentlig, 2018-2019, Trinn 5, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten

4.9. Nasjonale prøver ungdomstrinn

Om lesing

Nasjonale prøver i lesing skal karteleggja i kva grad elevane sine dugleikar er i samsvar med måla for den grunnleggjande dugleiken lesing, slik den er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette innebærer at nasjonale prøver i lesing ikkje er ei prøve i norskfaget.

Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt ved lesing. Elevane viser at dei kan:

1. finna informasjon
2. forstå og tolka
3. reflektera over og vurdera teksten si form og innhald

Om rekning

Nasjonale prøver i rekning kartlegg i kva grad elevane sine dugleikar er i samsvar med mål for den grunnleggjande dugleiken rekning, slik den er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekker tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane nyttar rekning i faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at dei:

- forstår og kan reflektera over korleis dei best kan løysa ei gitt utfordring
- kan løysa problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdera om svara dei får er rimelege
- kan visa effektive strategiar for enkel talrekning

Om engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande dugleikane som er integrert i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene for ungdomstrinnet er knytt til desse dugleikane:

- finna informasjon
- forstå og reflektera over innhaldet i tekstar av ulik lengde og ulike sjangrar
- meistra eit ordforråd som dekker daglegdagse situasjonar
- forstå tydinga av ord og uttrykk ut frå samanhengen dei er brukte i
- forstå bruken av grunnleggjande reglar og mønstre for grammatikk og setningstypar

Diagrammet viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheiten knytt til dette gjennomsnittet. Søylene viser intervallet på skalaen der hovudvekten (60 prosent) av elevane er. Dette er eit mål på spreinga i elevane sine resultat. På 8. trinn vert elevane plasserte på 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivå.

Stord kommune sine mål og eigenvurdering:


Stord kommune sine mål for tal på skalapoeng i lesing, rekning og engelsk var følgjande for 2018:

8. trinn lesing: >50
8. trinn rekning: >50
8. trinn engelsk: >50

9. trinn lesing: >53
9. trinn rekning: >53


Diagramma under viser resultatata i lesing, rekning og engelsk på 8. trinn. Det viser at skulane må arbeida meir med den grunnleggjande dugleiken rekning i alle fag. Her er gjennomsnittsskår ikkje i samsvar med målet til kommunen om 50 skalapoeng.

Stord kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform



Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten


Stord kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform - Lesing



Stord kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Lesing, Offentlig, 2018-2019, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten


Stord kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform - Regning



Stord kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Regning, Offentlig, 2018-2019, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten

Stord kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform - Engelsk



Stord kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Engelsk, Offentlig, 2018-2019, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten

4.10. Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som vert sluttvurdert med karakterer. Karakterane vert nytta som kriterium for opptak til vidaregåande skule.

Grunnskulepoeng er rekna som summen av eleven sine avsluttande karakterar, delt på tal på karakterar og ganga med 10.

Dersom det manglar karakterar i meir enn halvparten av fagea, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven.

Grunnskulepoeng vert presentert som karaktergjennomsnitt med éin desimal.


Stord kommune sine mål og eigenvurdering:

Stord kommune sitt mål er at elevane skal gå ut av grunnskulen med fleire enn 42 grunnskulepoeng, altså verdi >42 . Diagrammet under viser at elevane i snitt hadde 40,6 grunnskulepoeng i 2017-2018.

Samanlikna med Hordaland fylke og nasjonalt nivå er dette litt færre grunnskulepoeng i snitt enn ynskja.

KOSTRA-tal frå kommunen sitt budsjett i Framsikt viser at elevane i Stord i 2018 hadde 40,7 grunnskulepoeng i snitt.

Stord kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Fordelt på periode | Offentlig eierform



Stord kommune skoleeier, Grunnskole, Grunnskolepoeng, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten

4.11. Gjennomføring

Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføra vidaregåande opplæring. Kompetansebeviset skal sikra dei vidare studier eller deltaking i arbeidslivet.

Utdanningsdirektoratet anbefalar skuleeigarar å ta med denne indikatoren: Overgang frå grunnskule til vidaregåande skule.

4.12. Overgangen frå grunnskole til VGO

Prosentdelen av elevkullet som er registrert i vidaregåande opplæring hausten etter uteksaminering frå grunnskulen.

Stord kommune sine mål og eigenvurdering:

Stord kommune ynskjer at alle elevane (100 prosent) skal vera registrert i vidaregåande opplæring same året som dei avsluttar ungdomsskulen.

Per i dag ligg elevane i Stord kommune på 98,4 prosent².

Stord kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Fordelt på periode | Offentlig eierform

Indikator og nøkkeltall	2014	2015	2016	2017	2018
Elever (16 år) som er registrert i vidaregåande opplæring same år som avsluttet grunnskole					
Stord kommune skoleeier				98,2	98,4 ³
Kommunegruppe 08	98,9	98,7	98,3	99,0	98,8
Hordaland fylke	98,7	98,6	98,8	98,4	98,8
Nasjonalt	98,3	98,3	98,4	98,1	98,0

Stord kommune skoleeier, Grunnskole, Overgangen fra grunnskole til VGO, Alle eierformer og Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

² Kjelde: Framsikt

³ Kjelde: Framsikt

5. System for oppfølging

Kvalitet og skuleutvikling

For å få til kvalitetsutvikling og endring av praksis i heile organisasjonen, må skuleeigar først henta inn data om korleis det står til for å etablera eit kunnskapsgrunnlag. Kommunalsjef for oppvekst og utdanning har årleg ulike møte med skuleleiarane i kommunen om vurdering av eigen praksis og oppnådde resultat, basert på dette kunnskapsgrunnlaget. I kvalitetsvurderinga set ein saman og analyserer data, og i prosessen diskuterer ein kva faktorar som kan medverka til resultat. Kommunalsjef for oppvekst og utdanning driv skule-/ kvalitetsutvikling både gjennom årlege dialogmøte med skuleleiarane og i rektormøte gjennom deling av praksis, resultat og refleksjon. Stord kommune ynskjer å ha fokus på kompetanseutvikling og etablera best mogleg praksis som gir barn og unge ei oppleving av å vera inkluderte i sitt læringsmiljø.

Tilstandsrapporten inngår som ein del av det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hjå skuleeigar, og målet er kvalitetsutvikling. Dette er ei nødvendig oversikt for å følgja opp sektoren på ein god måte. Kvalitetsvurdering i utdanningssektoren kan bidra til kvalitetsutvikling i opplæringa. Kravet om ein årleg tilstandsrapport for grunnskule vart innført i 2009.

Kvalitet i skulen kan delast i struktur-, prosess- og resultatkvalitet. Strukturkvalitet skildrar ytre føresetnader, altså slik verksemda er organisert og ressursane som er tilgjengelege, noko me finn tal på i GSI og KOSTRA. Prosesskvalitet handlar om skulen sitt eige arbeid med opplæringa, målt mellom anna i Utdanningsdirektoratet si årlege elevundersøking om læringsmiljø og trivsel. Resultatkvalitet skildrar det heilskaplege læringsutbyttet for kvar enkelt elev, og me finn resultat i nasjonale prøver og oversikt over karakterar i standpunkt og eksamen.

Politisk fastsette nasjonale mål for kvalitetsutvikling i grunnskulen er mellom anna at alle elevane som går ut av grunnskulen skal meistra grunnleggande dugleikar som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og arbeidsliv, og at alle elevar skal inkluderast og oppleva meistring. Kommunen skal utforma mål for god nok kvalitet på kvar einskild skule. I rapporten skal ein og formulera, konkretisera og prioritera tiltak basert på resultat, forskning og kunnskap. Tilstandsrapporten skal vera forankra hjå politikarar, utdanningsadministrasjon og skuleleiing i kommune og fylkeskommune.

Resultata til elevane skal sjåast i lys av lokale føresetnader og setjast inn i ein kontekst som gir gode og utfyllande vurderingar av resultatata ved skulane. Målet er å leggja fram data og informasjon på ein forståeleg måte slik at alle som er med i prosessen med skuleutvikling gjennom tilstandsrapporten skal få oversikt og innsikt i sentrale område i arbeidet med læringsmiljø og læringsresultat.

Vidareutdanning for lærarar

Stord kommune satsar på vidareutdanning av lærarar, og hausten 2018 fekk 19 lærarar slik utdanning. Lærarar som underviser på barnetrinnet må innan 2025 ha 30 studiepoeng i basisfaga norsk, engelsk og matematikk om dei skal undervise i desse fag, og lærarar ved ungdomstrinnet må ha 60 studiepoeng i tilsvarande fag.

Desentralisert kompetanseutvikling

I 2017 etablerte utdanningsdirektoratet ein ny modell for kompetanseutvikling i skulen, og ordninga vart gjort gjeldande frå 1.1.18. Ordninga er desentralisert og skal bidra til at alle kommunar og fylkeskommunar gjennomfører eigne kompetanseutviklingstiltak. Fylkesmannen, kommunane, fylkeskommunane, lokal UH (universitet eller høgskule) og andre relevante aktørar skal samarbeide for å kartlegga behov for kompetanseutvikling og planlegga utviklingsarbeidet. Staten gir økonomisk støtte via fylkesmannen til dei kommunane, fylkeskommunane og dei innanfor universitet og/ eller høgskular som er med. Ordninga har fått forkortinga DeKomp.

Fylkesmannen i Hordaland har mellom anna vore tydeleg på korleis kommunane som vil vera med i ordninga skal søkja, at dei universitet eller høgskule ein kan samarbeida med må liggja i Hordaland og at ein må søkja gjennom regionane. Forum for oppvekst i Sunnhordaland (FOS) er ein region som Fylkesmannen har sagt skal søkja samla. Fylkesmannen har og sett ned ei arbeidsgruppe der FOS som kompetanseregion stiller med ein representant for alle kommunane. I møta i arbeidsgruppa er tillitsvalde på fylkesnivå representerte.

Stord kommune sin plan for kvalitetsutvikling

Komité for oppvekst og utdanning vedtok i PS 12/2014 «Plan for kvalitetsutvikling-fokusområde for oppvekst 2014-2017». Planen omhandlar dei områda einingane skal ha særleg fokus på for å sikra ei utvikling i samsvar med nasjonale og lokale føringar. Planen skal reviderast i løpet av 2019.

6. Konklusjon grunnskule

Som nemnt i saksutgreiinga vert kvalitet i opplæringa vurdert i høve til struktur, prosess og resultat.

Struktur omfattar ytre faktorar i skulen, mellom anna ressursar til undervisningsmateriell. Stord kommune hadde i 2018 kr 558 i driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev i grunnskulen. Dette er ein nedgang samanlikna med året før då driftsutgiftene til undervisningsmateriell per elev var kr 821. Landet utan Oslo nyttar kr 1414 per elev til undervisningsmateriell, og kostragruppe 08, altså kommunar det er naturleg å samanlikna seg med, har driftsutgifter til undervisningsmateriell på kr 1501 per elev.

Stord kommune har nulltoleranse i høve mobbing og jobbar førebyggjande med inkluderande læringsmiljø. Elevundersøkinga viser at det finst mobbing i Stord kommune. Til saman 6,8 prosent av 7. klassingane og 6,2 prosent av 10. klassingane svarer at dei opplever mobbing av andre elevar, vaksne på skulen eller digitalt. Dette er ein nedgang frå høvesvis 9,3 og 8,2 prosent dei siste par åra, og det viser ei utvikling i rett retning. Tilsvarende tal for fylket og nasjonalt er om lag 7 prosent for både 7. og 10. trinn. Alle tilsette jobbar for eit trygt og godt skulemiljø for elevane, og skuleadministrasjon og skuleleiing er i ein prosess med å etablere best mogleg felles praksis i kommunen i samband med § 9a om retten til eit trygt og godt skulemiljø, samt krav om aktivitetsplan dersom ein elev opplever seg krenka eller mobba.

Nasjonale prøver måler eleven sine læringsresultat i lesing, rekning og engelsk. Resultata syner at trass særst gode resultat ved nokre skular og variasjon både mellom skulane og frå år til år, er resultat i rekning samla lågare enn det Stord kommune sette som mål for 2018. I rekning ligg resultata under fylkes- og landsnivå, så her fordrar det ein ekstra innsats i høve den grunnleggjande dugleiken rekning i alle fag.

7. Stord vaksenopplæring

I februar 2018 tok Stord vaksenopplæring (VO) i bruk nye lokale. Grunnskule og norskopplæring vart då samlokaliserte, og dei opplever å ha fått fleire funksjonelle undervisningsrom, samt betre arbeidsplassar for lærarane. VO har dei siste åra jobba med å etablere ein god grunnskule for elevane sine.

Stord vaksenopplæring (VO) gir tilbod til alle som gjennom introduksjonslova har rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap, og til dei som etter same lovverk har rett og plikt til å delta i introduksjonsprogrammet. VO gir også tilbod til vaksne som gjennom opplæringslova har rett til grunnskuleutdanning og realkompetansevurdering. Kommunen har ansvaret for at realkompetansevurderinga blir gjennomført og at det blir fatta vedtak og lagd kompetansebevis. I tillegg gjennomfører VO tilpassa tilbod om norskopplæring til arbeidsinnvandrarar. Sistnemnde er noko som svingar mykje i takt med konjunktoren i næringslivet.

Talet på flyktningar som kjem til Noreg har endra seg, og dersom det held seg på same nivå som i dag i lang tid framover, kan talet på deltakarar i VO gå monaleg ned. Dette vil eventuelt medføre ei stor endring.

I 2018 vart det busett 16 flyktningar, inkludert barn, i kommunen. Stord er vertskommune for eit ordinært asylmottak med 170 plassar på Heiane. Stord mottak nytta hausten 2018 ei avdeling på Litlabø til 30 ekstra asylplassar, noko som har medført ei lita auke i talet på norsk-elevar. Dei fleste av desse kom frå Tyrkia. Fram til 01.04.18 var Stord kommune og vertskommune for eit mottak for einslege mindreårige på Litlabø.

VO hadde 208 deltakarar i 2018, inkludert grunnskule.

8. Stord kulturskule

I Stord kommune har om lag 25 prosent av grunnskuleelevane plass i kulturskulen. Gjennomsnittet for landet ligg på om lag 16 prosent. Tala syner og at det er mange elevar som ynskjer plass i Stord kulturskule samanlikna med landet elles.

I 2018 vart det innført friplassordning for familiar med samla inntekt under kr 400 000 per år. Kulturskulen har 10 slike plassar, og pågangen var i 2018 så stor at det ikkje var rom for å tildela plass til alle som søkte.

Kulturskulen er ein frivillig skule som hjå oss har ei rekke tilbod om undervisning innan musikk, dans, teater, parkour og visuelle kunstfag. Det meste av undervisninga er lagt til ettermiddagstid og går føre seg i Stord kulturhus. Kulturskuletilbodet rettar seg i hovudsak mot barn og unge i alderen 0 – 20 år, men skulen har ingen aldersgrense og er difor open for alle.

I 2018 hadde kulturskulen 13,87 årsverk fordelt på 24 tilsette; 11 kvinner og 13 menn.

Implementering av «Rammeplan for kulturskulen – mangfald og fordjuping» har vore eit viktig arbeid i 2018 og i tråd med dette vart «Lokale læreplanar for Stord kulturskule» ferdigstilt i september. Kulturskulen har etablert tilbod om fordjuping i musikk, dans og parkour, til saman deltek 27 elevar i dette. Våren 2018 hadde kulturskulen prosjekt i SFO ved alle grunnskulane i kommunen. I 2018 blei det innført friplassordning for familiar med samla inntekt under kr 400 000 per år. Kulturskulen har 10 slike plassar og pågangen var i 2018 så stor at det ikkje var rom for å tildele plass til alle som søkte.

Hausten 2018 er det registrert fleire elevar som meldar seg ut fordi kostanden vert for høg.

Stord kommune nyttar ein større del av netto driftsutgifter til den kommunale kulturskulen, samstundes som kvar plass er rimelegare enn i landet elles. Dette kan handla om at me nyttar lite ressursar til administrasjon av kulturskulen og at me driv undervisning i større grupper. Det er jamn fordeling av kulturskuleelevar i grunnskulane i kommunen, men ein kan sjå noko høgare deltaking i Hystad og Rommetveit krins.

Gjennom året arrangerer kulturskulen ei lang rekke konsertar, framsyningar og utstillingar. Arrangementa er godt besøkt og tilbakemeldingane frå brukarane er særst gode. Nordea-prosjektet KUL-TUR (kompetansehevingsprogram fullfinansiert av Nordea og Norsk kulturskoleråd) er vidareført i perioden og skal avsluttast hausten 2019.

9. Barnehagane i Stord

Barnehagetilbodet i kommunen

Kommunen har per i dag 1 185 godkjente barnehageplassar fordelt på 19 barnehagar der fem er kommunale og 14 er private. Heiane barnehage sine plassar er då ikkje medrekna fordi dette er en korttidsbarnehage som i hovudsak gjev tilbod til barn busett på Stord mottak.

Kommunen har plikt til å gje alle barn med rett til barnehageplass slik plass i kommunen der dei er busett. Det vil sei at barn av studentar og arbeidstakarar med bustadadresse i Stord kommune, men som er folketalsregistrert i ein annan kommune, også har rett på barnehageplass i Stord kommune. Kommunen har kvart år sidan retten til barnehageplass kom i 2009 oppfylt dette lovkravet.


Kva er kvalitetsutvikling i barnehagen?

Arbeid med kvalitetsutvikling i barnehage og system for dette skal gje alle aktørar i sektoren eit godt grunnlag for å kunna vurdera og utvikla kvaliteten innanfor ansvarsområda sine. Utdanningsdirektoratet har dei siste åra utarbeidd fleire system for barnehagane i dette arbeidet. Meir informasjon om systema finn ein på Utdanningsdirektoratet si side.

Utdanningsdirektoratet deler informasjonen dei får om den enkelte barnehage gjennom dei ulike systema med andre nettsider som til dømes Barnehagefakta.no

Kvalitetssystemet skal mellom anna gje

- barnehagen verktøy til å vurdera og reflektera over eigen praksis
- kommunen informasjon for å vurdera kva dei skal føra tilsyn med
- nasjonale myndigheiter eit kunnskapsgrunnlag for å setja mål for og utvikla tiltak på ulike område i barnehagesektoren
- føresette informasjon som grunnlag for val av barnehage, og som grunnlag for dialog om kvaliteten i barnehagen barnet deira går i



Formål med kvalitetssystemet

Det er skilnad på kvaliteten mellom barnehagane. Målet med kvalitetssystemet er å bidra til eit meir likeverdig barnehagetilbod for alle barn gjennom å gje støtte til systematisk vurdering og utvikling av kvalitet i barnehagen. Systemet skal leggja til rette for at barnehagar, barnehageeigarar, lokale og nasjonale myndigheiter har tilgang på informasjon om tilstanden i sektoren og har verktøy for kvalitetsutvikling i barnehagane. Kvalitetssystemet skal også formidla informasjon om barnehagetilbodet til føresette og andre interesserte, samt bidra til dialog om kvalitet i barnehagane.

Aktørane i kvalitetssystemet har ulike ansvarsområde og oppgåver:

- Nasjonale myndigheiter utformar lovverk, overordna føringar og målsettingar
- Kommunale myndigheiter tildeler midlar og utfører rettleiing og tilsyn
- Barnehageeigar er juridisk ansvarleg for barnehagane han driftar og kvaliteten i barnehagane
- Barnehagen utøver det pedagogiske arbeidet og legg til rette for barn sin trivsel og utvikling, i samarbeid med føresette.

Mål for kvalitetsarbeidet

Barn sin trivsel og utvikling i barnehagen er målet for alt kvalitetsarbeid i barnehagesektoren. Dette målet er uttrykt i barnehagelova og Rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver. I lova står det at formålet med barnehagen er som følgjande:

- Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sitt behov for omsorg og leik, og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygga på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.
- Barna skal få utfalde skaparglede, undring og utforskartrøng. Dei skal læra å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikla grunnleggjande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnadar.
- Barnehagen skal møta barna med tillit og respekt, og anerkjenna barndommen sin eigenverdi. Han skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vera ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap. Barnehagen skal fremma demokrati og likestilling og motarbeida alle former for diskriminering (Barnehagelovens formålsparagraf §1.)

Sektormåla har også betydning for prioriteringar og mål for kvalitetsarbeidet i barnehagane. Desse måla er politisk bestemt og står i statsbudsjettet:

- barnehagar med høg kvalitet som fremmer trivsel, leik og læring
- eit tilgjengeleg barnehagetilbod for alle barn
- forutsigbare rammevilkår som medverkar til mangfald og likeverd i barnehagesektoren

Kompetanseutvikling

For å lukkast med å utvikla kvaliteten på barnehagetilbodet og med å realisera krava i rammeplanen, må ein driva målretta kompetansebygging i barnehagesektoren. Dette skal

mellom anna strategien «Kompetanse for fremtidens barnehage 2018 – 2022» vera med å bidra til.

Alle barnehagane i kommunen sender kvart år inn kompetanseplanane sine til barnehagemyndet i kommunen. Dei er med å danna bakgrunn for kommunen sitt arbeid med å rettleia og føra tilsyn med barnehagane.

Dei fleste barnehagane i kommunen deltek i dei to nasjonale satsingane

- Inkluderande barnehage- og skulemiljø
- Språkkommune

Tilsyn

Kommunane har i følgje barnehagelova § 16, plikt til å føra tilsyn med barnehagar i eigen kommune fordi dei er barnehagemynde, jf. barnehagelova § 8. Dette myndet er i Stord kommune delegert til barnehagefagleg rådgjevar via rådmannen. Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunane fører tilsyn etter barnehagelova, men kan også føra tilsyn direkte i barnehage på eige initiativ.

Kommunen som tilsynsmynde skal gje rettleiing og sjå til at barnehagane vert drivne forsvarleg etter barnehagelova med forskrifter, samt anna gjeldande regelverk. I følgje "Veileder for tilsyn med barnehager", er tilsyn ein viktig del av kommunen sitt ansvar for å sikra høg kvalitet på barnehagen sitt innhald, samt at barnehagelova sine krav vert følgt opp. Det vert gjennomført seks planlagde tilsyn i barnehagar i Stord kommune kvart år. I 2018 vart det avdekket eitt avvik i eine barnehagen.

Barnehageeigaren har det overordna ansvaret for at barnehagen vert driven i samsvar med gjeldande lover og regelverk, jf. barnehagelova § 7 første ledd. Barnehageeigaren har dermed juridisk ansvar for kvaliteten på barnehagetilbodet. For å kunne gje eit barnehagetilbod av god kvalitet trengst det eit kompetent pedagogisk personale. Det er difor ein føresetnad at barnehageeigaren legg vekt på dei faglege og pedagogiske vurderingane til dei tilsette i styringa.

Kommunen har utarbeida ein plan for tilsyn med barnehagar i Stord kommune 2017/2020. Planen ligg på kommunen si heimeside.

Ståstadanalysen

Ståstadsanalysen, eit verktøy utvikla av Utdanningsdirektoratet, gjev informasjon om kvalitetsnivået på det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Det er også eit refleksjonsverktøy for dei tilsette. Dei kommunale barnehagane skal ta ståstadanalysen kvart år.

Årsplan

Barnehagane utarbeider kvart år kvar sin årsplan i tråd med krav i rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver. Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngjevingane til barnehagen. Årsplanen kan gi informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid til myndigheitsnivåa, samarbeidspartane til barnehagen og andre interesserte.

Styraren skal leia prosessen med å utarbeida årsplanen. Årsplanen skal fastsetjast av samarbeidsutvalet i barnehagen. Han skal visa korleis barnehagen vil arbeida for å omsetja formålet og innhaldet i rammeplanen og dei lokale tilpassingane i pedagogisk praksis. Årsplanen skal mellom anna visa korleis barnehagen arbeider med omsorg, leik, danning og læring. Her må også progresjon tydeleggjerast. Ein skal synleggjera korleis medverknaden frå barn og foreldre blir teken inn i planleggingsarbeidet, og korleis barnehagen vurderer det pedagogiske arbeidet sitt. Det skal òg koma fram korleis barnehagen arbeider med tilvenjing av nye barn og sikrar samarbeid og samanheng med skulen.

Alle barnehagane i kommunen sender kvart år inn årsplanane sine til barnehagemyndet i kommunen. Dei er med å danna bakgrunn for kommunen sitt arbeid med å rettleia og føra tilsyn med barnehagane.

Årsmelding i BASIL (Barnehage – statistikk - rapportering)

Barnehagane og kommunane sine årsmeldingsskjema i BASIL gjev eit bilete av strukturkvaliteten i barnehagen, til dømes personaltettleiken og dei tilsette sitt utdanningsnivå.

Barnehagane fyller ut og sender inn årsmeldingsskjema elektronisk i BASIL i desember kvart år. Både på lokalt og nasjonalt nivå er BASIL ei viktig kjelde til kunnskap og forskning om barnehagesektoren. Statistikken legg til rette for å kunna følgja endringar og utvikling over tid i den enkelte barnehage, og for kunnskapsbasert politikkutvikling for sektoren.

Foreldreundersøking

Dei fleste barnehagane i kommunen gjennomfører foreldreundersøkinga til utdanningsdirektoratet kvart år.

Her er det samla resultatet for barnehagane i Stord kommune og nasjonalt i 2018:

Utvalg	År	Besvarte / Inviterte	Sist oppdatert
Stord kommune (2018)	2018	682 / 916 (74,45 %)	18.01.2019
Nasjonalt (2018)	2018	127766 / 180714 (70,70 %)	18.01.2019

	<i>Stord kommune (2018)</i>	<i>Nasjonalt (2018)</i>
<i>Generelt om barnehagen</i>	4,2	4,1
<i>Relasjon mellom barn og vaksen</i>	4,6	4,5
<i>Barnets trivsel</i>	4,8	4,7
<i>Informasjon</i>	4,3	4,2
<i>Barnets utvikling</i>	4,7	4,6
<i>Medverknad</i>	4,3	4,2
<i>Henting og levering</i>	4,3	4,4
<i>Tilvenning og skolestart</i>	4,4	4,5
<i>Tilfredsheit</i>	4,6	4,5

Skjerpa pedagognorm

Stortinget vedtok ei skjerping av pedagognorma for barnehage frå 1. august 2018. Skjerpa pedagognorm vil sei minst ein pedagogisk leiar per sju barn under tre år og minst ein pedagogisk leiar per 14 barn over tre år. I tidlegare norm var kravet minst ein pedagogisk leiar per 9 barn under tre år og minst ein pedagogisk leiar per 18 barn over tre år. Den nye norma medførte at fire barnehagar i Stord kommune måtte søkja om midlertidig dispensasjon frå pedagognorma i 2018. Del barnehagar som oppfyller pedagognorma i Stord kommune i 2018 var 84,2 prosent, medan det i landet generelt var 53,3 prosent.

10. Helsestasjon, pedagogisk-psykologisk teneste, ungdomsteam

Eining for førebyggjande tenester har ulike avdelingar og utgjer saman med barneverntenesta hjelpetilbodet til barn, unge og familieane deira i Stord kommune. Dei ulike avdelingane i eining for førebyggjande tenester er helsestasjon 0-5 år, svangerskapsomsorg, skulehelseteneste ved grunnskule og vidaregåande skule, smittevern og vaksinasjon, fysioterapi for barn og unge, helsestasjon for flyktingar, helsestasjon for ungdom, ungdomsteam, koordinator for forplikande samordning av tiltak og metodar mellom kommunen og politiet for risikoutsett barn og ungdom (SLT) og pedagogisk psykologisk teneste (PPT).

Folkehelsearbeid

Førebyggjande helsearbeid handlar om å fremja folk si helse - både psykisk og fysisk, redusera risiko for sjukdom og å bidra til at helsa er ein positiv ressurs i kvardagen for den enkelte. I 2018 vart det arrangert markering av verdsdagen for psykisk helse, folkehelsedagar og fokusveker i vidaregåande skule. I samarbeid med Frisklivssentralen og skulehelsetenesta har kommunen gjeve tilbod om «Friskus», eit kurs for barn med overvekt.

Helsestasjon 0-5 år

Helsestasjonane er lokaliserte til Nordbygdo ungdomsskule, Blåbygget i Sagvåg og Helsesenteret på Leirvik. Ved helsestasjonen arbeider dei med smittevern/ vaksinasjon og ulike satsingsområde. Helsestasjonen har fokus på nettverksarbeid, mellom anna gjennom drift av grupperetta aktivitetar/ kontrollar på ulike alderssteg. Barn har tilbod om 14 kontrollar ved helsestasjonen i perioden 0-4 år.

Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta har i 2018 hatt helsesjukepleiar ved alle skulane, i snitt 2 dagar per veke. Ein har ikkje hatt skulelege i ungdomsskule eller vidaregåande skule dette året. Skulehelsetenesta gjennomfører mellom anna individuell førsteklasseundersøking, samtalar, vaksinasjon og undervisning på ulike alderssteg.

Vaksinering

Vaksinering skjer etter nasjonalt grunnprogram for helsestasjon og skulehelseteneste. I tillegg vaksinerer tenesta ungdom i vidaregåande skule og risikogrupper. I Stord vart 2200 personar vaksinerte mot influensa i 2018. Dette var ei auke på 33 prosent frå 2017.

Helsestasjon for ungdom (HFU)

Helsestasjon for ungdom har hatt stabil oppslutnad i 2018 med i snitt 78 ungdomar per opningsdag. 23 prosent av ungdommane er studentar ved høgskulen. Dei fleste ungdomane

som oppsøker HFU har spørsmål rundt seksuell helse/ prevensjon/ graviditet, men me vert og oppsøkt av ungdom med til dømes psykiske vanskar. Dei fleste besøkjande er jenter.

Svangerskapsomsorga

I helsestasjonstenesta inngår og ordinære svangerskapskontrollar. Jordmor samarbeider med fødeavdeling og fastlege. Tenesta har 1,5 årsverk. Det var 210 fødsler i 2018. Fleire får tidleg heimebesøk av jordmor, men me har framleis for lite ressursar til å ha nok fokus på arbeid med til dømes svangerskapsdepresjonar, rus og kartlegging av vald/ overgrep mot gravide.

Fysioterapitenesta

To fysioterapeutar har ansvar for brukarar i førskule- og skulealder. Fysioterapeutane føl opp barn med ulike utviklings- og funksjonshemmingar og barn med motoriske vanskar. Det er fokus på tidleg tilrettelegging og rask utviklingsstøtte. Det er fleire born som har behov for tenesta enn tidlegare.

Helsetilbod for flyktningar

Stord mottakssenter har 170 plassar og seinhausten 2018 vart det oppretta 30 ekstra plassar på Litlabø. Dette har medført ei auke i arbeidet, noko som har vore krevjande for helsetenestene. I 2018 var 25 prosent av dei som budde på Stord mottakssenter barn i førskule- eller grunnskulealder.

Avdelinga har ansvar for smittevern for alle som kjem til Stord frå høgendemiske område, både busette flyktningar og andre som søker opphald og arbeidsløyve. Kontroll og oppfølging av nye busette flyktningar skjer i nært samarbeid med Flyktningkontoret.

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

Pedagogisk psykologisk teneste arbeider for at alle barn og elevar skal få eit best mogleg læringsutbyte og opplevd inkludering. Tenesta har over tid hatt større fokus på den delen av mandatet som omfattar organisasjonsutvikling og kompetanseheving for barnehage og skule. Systemarbeidet har som mål å auka læringsutbyte, førebyggja skulefråvær og redusera bruken av spesialundervisning.

Ungdomsteamet

Ungdomsteamet består av utekontakt, ungdomskontakt og SLT-koordinator. Utekontakt og ungdomskontakt arbeider i hovudsak med ungdommar som har samansette vanskar med psykisk helse og rus. Ungdomskontakten er i ei prosjektstilling finansiert av midlar frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet.

Bømlo og Fitjar har i 2018 kjøpt tenester til rusoppfølging frå Stord kommune.

I 2018 arbeidde SLT-koordinator med ulike førebyggjande program som MOT og "Ung på Stord". Saman med næringslivet, politiet og andre tenester i kommunen arbeidar SLT-koordinator for eit trygt uteliv gjennom «Ansvarleg alkoholhandtering».

Spesialpedagogisk team for førskuleborn

Spesialpedagogisk team har hausten 2018 hatt ei auke i vedtak samanlikna med fjoråret.

Fleire barn og unge, som tidlegare fekk hjelp frå spesialisthelsetenesta, skal no få si behandling i det kommunale hjelpeapparatet. Stord kommune har få ressursar til førebyggjande tenester til barn og unge. Nye oppgåver og utfordringar kring psykisk helse, rus, vald og overgrep, medfører utfordringar sjølv for eit godt kvalifisert personale til å ivareta alle oppgåvene.

11. Sunnhordland interkommunale barnevernsteneste Bømlo, Fitjar og Stord

Stord er vertskommune for Sunnhordland interkommunale barnevernsteneste Bømlo, Fitjar og Stord (SIB).

Barnevernet er organisert i ulike arbeidslag. «Lag barn» har ansvar for undersøking og tiltak i høve aldersgruppa 0 - 11 år og «lag ungdom» 11 - 18 år. «Lag omsorg» har ansvar for barn med omsorgsvedtak. Tenesta har eigne stillingar som inngår i eit arbeidslag for familierettleiing. Målsetjinga med rettleiinga er å styrke omsorgskompetansen til foreldre. Kapasiteten vart utvida hausten 2018 ved omprioritering av ressursar.

Målekart barnevernet

Tenesta har hatt god måloppnåing i driftsåret. Samstundes er volumet på tenester høgt og me registrerer framleis kapasitetsutfordringar i høve saksbehandlingstid.

Måloppnåing:	Mål 2017	Resultat 2015	Resultat 2016	Resultat 2017	Resultat 2018
Andel undersøkingar med handsamingstid innan 3 månader	> 95,0 %	74	82	73	92
Andel barn med tiltaksplan av barn med hjelpetiltak	> 80,0 %	74,5	84,1	86,3	91,20
Andel barn med omsorgsplan av barn under omsorg	> 80,0 %	100	90,2	84,1	100
Stillingar med fagutdanning, per 1000 barn 0-17 år	> 3,8	2,9	3,2	3,3	3,9

I 2017 mottok barneverntenesta 257 bekymringsmeldingar medan ein i 2018 mottok 231 meldingar. Dette er ein nedgang på 10,12 prosent. Samstundes fekk ein i 2018 fleire meldingar enn åra før. Tal på barn med tiltak i løpet av året viser ei auke på 24,19 prosent samanlikna med åra tidlegare. Det er hjelpetiltak som representerer auken. Tal på barn som måtte flytta i omsorgstiltak er samstundes noko mindre enn tidlegare år.

Statistikk Stord 2014 – 2018	2014	2015	2016	2017	2018
Meldingar i alt	187	205	194	257	231
Undersøkingar i alt	167	193	180	213	212
Barn med tiltak i løpet av året	152	178	193	186	231

Barn med bare hjelpetiltak i løpet av året	118	140	151	140	184
Barn med omsorgstiltak i løpet av året	34	38	42	46	46
Barn plassert siste år	14	11	9	9	5
Barn over 18 år	9	2	8	11	14

Kostnadsbiletet viser at tenesta med omsyn til netto driftsutgifter har noko lågare kostnad enn samanliknbare kommunar og om lag 14 prosent under snittet for landet (fordelt per barn med tiltak). Netto driftsutgifter for tenesta ligg 8,6 prosent under snittet for landet når det er rekna per innbyggjar 0 - 17 år, medan resultatet er 4,6 prosent under snittet for samanliknbare kommunar. Dette indikerer både ei kostnadseffektiv teneste, men det viser og kva ressursar kommunen bruker på barnevern. Driftsresultat i høve kostnad per barn med omsorgstiltak ligg framleis høgare enn snittet i landet. Dette kan indikera at barn med omsorgstiltak i vår teneste har omfattande behov for tiltak.

Nøkkeltal

Barnevern	Stord				Samanlikn. kommunar	Landet uten Oslo
	2015	2016	2017	2018	2018	2018
Andel netto driftsutgifter til barn som er plassert av barnevernet (f.252)(B)	57,6%	62%	63,2%	64,4%	61,5%	59,9%
Barnevern - Andel netto driftsutgifter til barn som ikke er plassert av barnevernet (f.251)(B)	10,0%	8,9%	11,1%	10,0%	10,7%	11,3%
Barnevern - Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (funksjon 244)(B)	32,4%	29,5%	25,9%	25,7%	27,9%	28,9%
Barnevern - Andel undersøkelser med behandlingstid innen 3 måneder	74,0%	82,0%	73,0%	92,0%	91,0%	87,0%
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	22,4	20,5	21,8	22,7	21,7	19,1
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år(B)	3,9%	3,7%	4,6%	4,5%	4,9%	4,8%
Brutto driftsutgifter (funksjon 244) per barn med undersøking eller tiltak (kr)	35843	32619	30289	33224	45270	49940
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (f. 252)(B)	390627	409197	416243	458437	408797	443592
Barnevern - Brutto driftsutgifter per barn som ikke er plassert av barnevernet (funksjon 251)(B)	28361	22811	36276	33613	34121	39106
Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251, 252) per barn med tiltak(B)	148438	144933	179274	164186	157602	171990
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak	175567	168394	195398	184576	189270	213999
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten(B)	6865	7213	8189	9865	10345	10796
Stillinger med fagutdanning per 1000 barn 0-17 år (B)	3,1	3,2	3,3	3,9	5,0	4,5

12. Konklusjon oppvekst

Arbeidet innanfor oppvekst- og utdanningssektoren er godt, men me driv gjennomgåande kvalitetsutvikling og kompetanseheving i alle tenestene under oppvekst og utdanning.

Trivsel og førebygging av mobbing krev kontinuerleg innsats og arbeid med inkluderande miljø frå alle tilsette i oppvekst. Me ser at det er trong for ei felles satsing på gjennomarbeidde rutiner i høve § 9a og elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø. Dette arbeidet er i gong.

Betre tverrfagleg innsats (BTI) er eit funksjonelt verktøy for samarbeid mellom ulike instansar som kan hjelpe til med å gi heilskap i barn og unge sine oppvekstmiljø.